

«Pompom» Hjelmhue med duskar.

Materiale: ca 40 gram Abuelita tretråds tynn merino – min strikkefastheit 24m og 34 omg/10cm

Rundpinnar 3,0 og 3,5 og Strømpepinnar 3,5

Legg opp 88 masker på pinne nr. 3,0.

Omg 1-2 vrangbordstrikk 1r 1vr


3 : strikk 1r1vr til det står igjen ei maske – snu

4. strikk på vrangsida (framleis i ribbestrikk) tilbake til det står igjen to masker før midten – snu


5-7: strikk 1r1vr til det står igjen tre masker før sist vending – snu

8 – strikk 1r1vr heilt rundt og lukk samtidig hulla som er oppstått ved vending (t.d. ved å plukke opp tråden mellom maskene og strikke denne vridd rett sammen med neste maske)

Vrangborden er no ca 2 cm.



Strikk 1r1vr til ni masker forbi midten og la 15 masker framme vente på ein tråd eller på



rundpinnen (3,0). Bytt til pinne nr. 3,5 og strikk resten av maskene rett. Strikk så glattstrikk fram og tilbake – rett på retta og vrangt på vranga 2 omg og set samtidig inn eit merke 30 masker frå start på rettsida. Her startar mønsteret som dannar ei flette på toppen av lua.

Gjenta fylgjande mønster i ca 14 cm.

1 omg. 30r – 2vr – ta av 3 masker og sett FORAN arbeidet på flettepinne (eg brukar rundpinnen som dei 15 maskene framme heng på) 3r – sett dei 3 maskene frå flettepinnen tilbake og strikk dei rett – 3 r – 2vr – 30r

2,4,6 og 8 omg. 30 vr – 2r – 9vr – 2r – 30 vr

3og 9 omg. 30 r – 2vr – 9 r – 2 vr – 30r

5 omg. 30r – 2vr – 3 r – ta av 3 m og sett på flettepinne

BAK arbeidet – 3 r – sett tilbake dei 3 maskene frå flettepinnen og strikk dei rett – 2vr – 30r



Bryt tråden med litt lengde og mask sammen 15 masker frå starten og slutten av omgangen slik at dette dannar baksida av lua. Strikk spissen på lua no eller la luemaskene vente på rundpinnen medan du strikkar halsen.

Hals:

Plukk opp masker i nedkant av arbeidet (rundt halsen) med rundpinne nr 3,0 i tillegg til dei 15 du alt har på pinnen slik at du har partalmasker rundt – eg hadde 66. (17x4 pluss 2)

Strikk vrangbord 1r1vr 3cm – strikk så perlestrikk 3 omg (rett over vrang og vrang over rett). Du skal no ha ei vrang maske som midtmaske framme. Arbeidet skal no «delast» inn i mønsterrapportar på fire masker pluss to ekstra masker som dannar ei pyntestripe framme. Starten på omgangen er midt framme.

1. 1vr [1vr –3r–1vr] gjenta til det står att ei maske, denne strikkar du alltid vrang
2. 1r [1vr –1r–auk 1m–1r–auk1m – 1r –] 1vr
3. 1vr [1vr –5r] 1vr
4. 1r [1vr –2r–auk 1m–1r–auk1m–2r] 1vr
5. 1vr [1vr –7r] 1vr
6. 1r [1vr –3r – auk 1m–1r–auk1m – 3r] 1vr
7. 1vr [1vr –9r] 1vr




No startar avslutninga av halsen med «Butterfly stitches»

- 8, 10, 12, 14: 1r [1vr –2r – ta fem masker laust av og la tråden ligge FORAN maskene – 2r] – 1vr
 - 9,11,13: 1vr [1vr –9r] 1vr
 - 15: 1r [1vr– 4r – strikk så ei rett maske der du tar med dei fire lause trådane i maska – 4r] –1vr
- Fell av.

Spissen på lua.

Hald fram med flettemønsteret medan du strikkar 2rett sammen på kvar fjerde omgang 4 ganger og på kvar andre omgang til det kun er fletta og to masker på sidene igjen. Del no arbeidet opp i tre og strikk iCord over fire masker på hhv 3, 4 og 5 cm (på snora i midten må det aukast ei maske). Sy på duskar etter eige ynskje. Eg har brukt restar av lammeskinn, men duskar i garn passar òg fint.



Om du har spørsmål eller kommentarar til oppskrifta er det fint om du gir tilbakemelding til meg på ohelene@ohelene.net.

ohelene – 2011

Litt strikkehjelp:

Maskesting: <http://www.garnstudio.com/lang/no/video.php?id=60&sort=2&thumbnails-on>

Plukk opp masker lags kant: <http://www.garnstudio.com/lang/no/video.php?id=59&sort=2&thumbnails-on>

Strikke snor: <http://www.garnstudio.com/lang/no/video.php?id=57&sort=2&thumbnails-on>